



Norske Felleskjøp BA

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 200701244	Deponi: 7
Mottatt: 20 AUG 2008	
Sakslenk: LP/SJ/HKL	Ark.: 560
Post:	AVSRETT:

Dykkar ref.: 200701244-/HKL

Vår ref.: sfl

Oslo, 28.8.2008

Høring av endringer i lov til å fremja umsetnaden av jordbruksvaror

Landbruks- og matdepartementet har 03.06.2008 sendt på høring forslag om endringer i omsetningslova med høringsfrist 05.09.2008.

Departementet foreslår å

- redusere rådet frå 19 til 11 medlemmer
- ta bort pålegget om å at Omsetningsrådet skal ha eit arbeidsutval
- nedlegge Tilsynsutvalet
- gi rådet fullmakt til å delegere saker til sekretariatet
- gjere justeringar av meir teknisk art

Norske Felleskjøp vil understreke betydninga av Omsetningsrådet si frie og uavhengige stilling. Rådet har sin styrke i fokuset på formålet med verksemda og at denne verksemda i så liten grad som mogleg er knytta opp til den aktuelle landbrukspolitiske debatten.

Omsetningsrådet forvaltar i tillegg store midlar som ikkje bør forvekslast med midlar som Stortinget har stilt til disposisjon gjennom statsbudsjett og jordbruksavtale. Dei tiltaka Omsetningsrådet set i verk er finansiert av bøndene sjølve. Ein grunnleggande føresetnad for samansettinga av rådet er difor vidare at landbruket har fleirtal.

Samansettinga av rådet

Departementet tek i forslaget til samansetting utgangspunkt i interesser som bør vere representert. Norske Felleskjøp er einig i at dette er det grunnleggande spørsmålet i denne samanhengen og sluttar seg til departementet sitt forslag om samansetting.

Arbeidsutvalet

Norske Felleskjøp deler departementet sitt syn om at Omsetningsrådet sitt arbeidsutval kan vere overflødig etter ei omorganisering: Rådet blir redusert slik at det om nødvendig lettare kan samlast oftare. Det har ein verdi at fleire saker blir avgjort av rådet i plenum. Det ligg heller ingen vesentleg tilleggsverdi i å behandle saker to gongar, først i Arbeidsutvalet og deretter i samla råd. Vi er einige i departementet sitt forslag om at det skal vere opp til rådet å avgjere om det skal etablerast eit arbeidsutval. Dersom Omsetningsrådet vel å oppnemne eit arbeidsutval, føreset vi at dette vil ha færre medlemmer enn i dag, og at landbruket sine

representantar har fleirtal, som i rådet. Norske Felleskjøp tolkar vidare departementet sitt forslag slik at det ikkje er nokon heimelsmessige hinder for at rådet delegerer saker til eit arbeidsutval.

Arbeidsutvalet sitt tradisjonelle telefonmøte i august har vore nødvendig for å fastsette omsetningsavgifta på korn og det er sjeldan andre saker oppe. Vi legg til grunn at det vil fungere greitt å gjennomføre dette som eit telefonmøte for heile rådet.

Endringa vil innebere endring i ei rekke forskrifter der arbeidsutvalet er nemnt, mellom anna forskrifta om fastsetting av omsetningsavgift.

Delegering

Norske Felleskjøp er einig i forslaget om å lovfeste retten til å delegerer. Diskusjonen vil oppstå rundt kva som skal vere saker for rådet og ikkje. Dette vil vere Omsetningsrådet sitt eige ansvar.

Tilsynsutval

Norske Felleskjøp er einig i at Tilsynsutvalet kan avviklast.

Statens landbruksforvaltning har ein eigen seksjon som mellom anna kontrollerer at marknadsregulatorane gjennomfører si rolle på ein korrekt måte. Riksrevisjonen kan utføre tilsvarande kontroll, og i tillegg kontrollere Statens landbruksforvaltning. Departementet har ansvar for å gripe inn mot vedtak i rådet som strir mot lov, forskrifter, jordbruksavtale eller mot samfunnsinteresser.


Norske Felleskjøp legg til grunn at departementet sin heimel for å gripe inn mot vedtak med tilvising til jordbruksavtalen, vil referere til underteikna avtaledokument.

Departementet peikar på at det vil vere nærliggande at rådet oppnemner reviser, men foreslår at oppgåva skal tillegkast departementet når Tilsynsutvalet blir avvikla. Vi foreslår at Omsetningsrådet sjølv oppnemner revisor. Vi viser til det som er lagt til grunn innleiingsvis om rådet si uavhengige stilling. Departementet har gradvis styrka sin innverknad på rådet si verksemd, gjennom omgjeringsadgang, rammeforskrift, gjennom å oppnemne leiar og nestleiar – og no eventuelt gjennom val av revisor. På den eine sida kan desse grepa ha styrka rådet si uavhengige stilling i forhold til landbruksorganisasjonane, samtidig blir rådet på den andre sida tettare knytta til statleg forvaltning. Norske Felleskjøp meiner dette er uheldig.


Andre endringar

Norske Felleskjøp har ingen merknader til forslaget om samordning av heimelen for kvoteordninga. Vi har heller ingen merknader til at det vert slått fast at når departementet gjer om vedtak i rådet, er det med endeleg verknad.

Med helsing
Norske Felleskjøp



Lars Fredrik Stuve
Adm. dir.



Sindre Flø
Fagsjef marknadsregulering